



Møte i Studentparlamentet

nr 1/20-21

Onsdag 30. september 2020

Møterom Aasen auditorium

Kl 16.00-19.00

Matsservering kl 16.00

Møtestart kl 16.30

Saksliste

Sak 01 – 20/21:	Konstituering av Studentparlamentet 2020-2021.....	3
Sak 02 – 20/21:	Godkjenning av innkalling og saksliste	4
Sak 03 – 20/21:	Godkjenning av referat frå møte 29.04.20.....	4
Sak 04 – 20/21:	Orienteringar	5
Sak 05 – 20/21:	Møteplan for Studentparlamentet 20/21	6
Sak 06 – 20/21:	Val av studentar til råd og utval ved HVO	7
Sak 07 – 20/21:	Val av kontrollkomité til Studentparlamentet.....	9
Sak 08 – 20/21:	Arbeidsprogram for Studentparlamentet 20-21	10
Sak 09 – 20/21:	Arbeidsgruppe for sosial møteplass i kantineområdet	11
Sak 10 – 20/21:	Eventuelt.....	11

Sak 01 – 20/21: Konstituering av Studentparlamentet 2020-2021

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Namneopprop

Ordstyrar får oversikt over deltakarar på møtet og fastslår om vi er vedtaksdyktige.

Godkjenning av valresultat

Leiar Trym Rimmen orienterer om valprosessen og legg fram valresultatet for godkjenning.

	AHL	AKF	AMF	ASH	Frie repr.
Fast repr.	Irmelin Angell Losvik	Pernille Fynbo Gajhede	Nora Skranefjell	Arnaud Duhamel	Simen Vederhus (AMF)
Fast repr.	Matilde Tafjord Rødhammer	Heidi Werkland	Sander R. Hauge	Maral Pour Khodabakhsh	Jonas Közle (AHL)
Fast repr.					Marte Nesfossen (AMF)
1. vara	Mariely Gonzalez Barboza	Vilde Aulstad	Maja Melbye	Stian Woo Andersson	Daria Jermacane (ASH)
2. vara	Lars Olav Mausest	Rebekka Vik	Trygve Taranger	Catharina Voll Matthews	Rikke Jenny Pettersen (AHL)
3. vara					Jenny Mari H. Ulla (AMF)

Forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner valet slik det er lagt fram.

Val av møteleing

Forslag til vedtak

- David Bernatek vert vald til ordstyrar for Studentparlamentet 20-21
- Organisasjonskonsulent Marit Aklestad vert vald til referent
- Marit Aklestad og xx vert valde til teljekorps.

Sak 02 – 20/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Ordstyrar

Godkjenning av møteinnkalling

Forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

Godkjenning av saksliste

Eventuelle merknadar eller endringar av sakslista, samt eventuelt-saker vert meldt inn her.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vedtek følgjande saksliste for møtet:

		Dagsorden for studentparlamentsmøte 30.09.20		
16.30	01	Konstituering av Studentparlamentet 2020-2021	V	Trym
	02	Godkjenning av innkalling og saksliste	V	Ordstyrar
	03	Godkjenning av referat frå møte 01.04.20	V	Ordstyrar
16.40	04	Orienteringar	O	Trym
	05	Møteplan for Studentparlamentet 2020-2021	V	Trym
16.50	06	Val av Studentrepresentantar til råd og utval ved HVO	V	Allan
17.45		Pause		
18.00	07	Val av kontrollkomite	V	Anna
18.10	08	Arbeidsprogram for 2020-2021 <i>Gruppediskusjon og vedtak</i>	V	Anna
18.40	09	Arbeidsgruppe for sosial møteplass i kantineområdet	V	Paloma
	10	Eventuelt	D	Trym
19.00		Møteslutt		
		Møtekritikk		

*V = vedtakssaker, O = orienteringssaker D = diskusjonssaker der AU ikkje kjem med forslag til vedtak

Sak 03 – 20/21: Godkjenning av referat frå møte 29.04.20

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Ordstyrar
Vedlegg: Vedlegg 1 – referat frå møte i Studentparlamentet 29.04.20

Forslag til vedtak: Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 29.04.20.

Sak 04 – 20/21: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

AU orienterer om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover, bl.a.

- Landsmøte i NSO
- Deltaking i Velferdsgruppa
- Val av ny velferdsansvarleg

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde

Sak 05 – 20/21: Møteplan for Studentparlamentet 20/21

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Parlamentet vedtek ein møteplan som gjeld for heile studieåret. Tidlegare har vi hatt siste onsdagen i månaden som fast møtedag. Vi byrjar med matsservering kl 16, før sjølve møtet startar kl 16.30 og utover til ca 19.00.

Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel desse møtedatoane for resten av året:

- Onsdag 28. oktober
- Onsdag 25. november
- Onsdag 27. januar
- Onsdag 24. februar
- Onsdag 24. mars
- Onsdag 28. april

Bakgrunn

For at møteverksemda for Studentparlamentet skal vere føreseieleg for alle, fastset vi møtedagane for heile året på første møte. Vedtektene til Studentparlamentet seier at vi skan ha 7 møter i året. Vedtektene opnar også for å kunne kalle inn til ekstraordinære møter dersom det skulle bli behov for det.

Sosiale aktivitetar er ikkje lagt inn i møteplanen, men Studentparlamentet har tradisjon for å ha ei juleavslutning/julebord, og elles finne på litt sosialt gjennom året.

Formell innkalling og sakspapir til møta blir sendt ut på e-post 1 veke før møtet. Faste representantar må prøve å gi beskjed i god tid dersom ein er forhindra frå å møte, slik at vararepresentantar kan bli kalla inn og få tid til å førebu seg.

Sak 06 – 20/21: Val av studentar til råd og utval ved HVO

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Allan Levi Melby
Vedlegg: Vedlegg 2 – oversiktstabell over råd og utval ved HVO
Vedlegg 3 – Presentasjon av råd og utval frå oppstartssamlinga 26.09.2

Vi skal velje studentrepresentantar til ei rekkje råd og utval ved Høgskulen i Volda. Studentane i Volda har krav på 20 % studentrepresentasjon i formelle råd og utval med beslutningsmyndigheit ved Høgskulen.

Alle studentar ved HVO kan stille til val, og Studentparlamentet er valkrins. Vala vert gjort ved urneval, altså hemmeleg val.

Vi skal velje studentrepresentantar til følgande posisjonar:

Utval	Studentrepresentasjon	Oppsett av plassar og varar som skal fylast
Utdanningsutvalet	2 faste og 2 vara Fagansvarleg i AU er fast representant. SP vel 1 fast representant og 2 vara	1. Fagansvarleg i AU 2. Vara: 1. 2.
Internasjonalt utval	2 faste og 2 vara. Internasjonal ansvarleg er fast representant. SP vel 1 fast representant og 2 vara	1. Internasjonal ansvarleg i AU 2. Vara: 1. 2.
Læringsmiljø-utvalet (LMU)	4 faste og 4 vara. Velferdsansvarleg i AU er fast representant. SP vel 3 faste representantar og 4 vara	1. Velferdsansvarleg i AU 2. 3. 4. Vara: 1. 2. 3. 4.
Tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskingstillingar (TUFO)	2 faste og 2 vara Leiar for AU er fast representant. SP vel 1 fast representant og 2 vara	1. Leiar 2. Vara: 1. 2.

Klagenemnda	2 faste og 2 vara SP vel 2 faste representantar og 2 vara	1. 2. Vara: 1. 2.
Sikkanemnda	2 faste studentrepresentantar og 2 vara SP vel 2 fast representant og 2 vara	1. 2. Vara: 1. 2.
Valstyret	2 faste og 2 vara Informasjonsansvarleg i AU er fast representant. SP vel 1 fast representant og 2 vara	1. Informasjonsansvarleg i AU 2. Vara: 1. 2.
Forskningsutvalet	2 faste og 2 vara. Fagansvarleg er fast representant. SP vel 1 fast representant og 2 vara	1. Fagansvarleg i AU 2. Vara: 1. 2.

Gjennomføring av val:

Vi gjennomfører vala i form av urneval i same rekkjefølgje som i skjemaet over.

Etter at det er gitt informasjon om råd eller utval frå AU, opnar vi for spørsmål om vervet, og ber deretter at dei som ønskjer å stille, melder seg. Dei som stiller til val får høve til seie litt om kvifor dei vil stille (såkalla valtale), og Studentparlamentet kan stille oppfølgingsspørsmål til kandidatane. Valet vert gjennomført ved urneval for kvart enkelt råd.

Dersom ikkje alle plassane blir fylt opp, ber vi Studentparlamentet å gi fullmakt til AU for å gjennomføre suppleringsval.

Bakgrunn

Studentar ved Høgskulen i Volda har 20 % representasjon i sentrale råd og utval. Det gir studentane store moglegheiter til å påverke i dei viktigaste beslutningsorgana ved Høgskulen. Ei av oppgåvene til Studentparlamentet er å sørge for at det vert vald inn studentrepresentantar til desse råda og utvala. Alle som er studentar ved høgskulen kan stille til val, og Studentparlamentet er valkrins.

Vervet som studentrepresentant er honorert etter satsane som er fastsett i Statens Personalhandbok. For 2020 er det kr 478 kr per time.

Sak 07 – 20/21: Val av kontrollkomité til Studentparlamentet

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Kontrollkomitéen består av opp til 3 personar som skal sørge for at verksemda til Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda og arbeidsutvalet er i tråd med styringsdokumenta. Ein bistår også ved val som vert gjennomført på møta til Studentparlamentet.

Studentparlamentet skal her velje opp til 3 personar til kontrollkomiteen for perioden (01.10.2020 til 31.05.2021). Vervet er honorert med kr 400 per møte. Kontrollkomiteen møter på alle møta i studentparlamentet, og deltek også på eitt AU-møte i månaden.

Grunna mandatet Kontrollkomiteen har, kan medlemmar i kontrollkomiteen ikkje inneha andre verv og posisjonar i Studentparlamentet, eller der Studentparlamentet er valkrins, slik som i råd og uval ved HVO. Det har difor tidvis vore utfordrande å finne kandidatar til vervet.

Kandidatar som ynskjer å stille til val får presentere seg sjølv (valtale).. Når alle som har stilt har presentert seg, opnar vi for eventuelle spørsmål til kandidatane. Deretter går vi til urneval.

Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ved urneval 1-3 medlemmar i kontrollkomiteen for studieåret 2020-2021.

Om ingen stiller til kontrollkomiteen, kan Studentparlamentet gi AU fullmakt til å finne kandidatar og som blir lagt fram for godkjenning ved neste møte.

Sak 08 – 20/21: Arbeidsprogram for Studentparlamentet 20-21

Type sak:	Vedtakssak
Sakshandsamar:	Trym Nikolas Rimmen
Vedlegg:	Vedlegg 4 – Utkast til Arbeidsprogram for Studentparlamentet 2020-2021 Vedlegg 5 – Prinsippprogram for Studentparlamentet 2018-2022 Vedlegg 6 – Arbeidsprogram for Studentparlamentet 2019-2020

Studentparlamentet skal vedta eit arbeidsprogram for 2020-2021. AU har utarbeidd eit forslag til arbeidsprogram basert på fjorårets program, og i tillegg har vi tatt med konkrete forslag frå Studentparlamentet etter gruppearbeid på oppstartssamlinga 27. september. Studentparlamentet må gjerne kome med fleire endringsforslag, anten det er tilleggspunkt, strykingar eller omformuleringar. Endringsforslag kan sendast til studentparlamentet@hivolda.no på førehand eller fremjast i møtet.

Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtek framlagt forslag til Arbeidsprogram for 2020-2021

Bakgrunn

Blant sine styringsdokument, har Studentparlamentet eit prinsippprogram og eit arbeidsprogram. Prinsippprogrammet går over 4 år, medan arbeidsprogrammet går over 1 år. Begge dokumenta er opne for revidering på januarmøtet dersom medlemmar i parlamentet eller AU ynskjer det.

Både prinsippprogrammet og arbeidsprogrammet lener seg på NSO sine prioriterte saker, samstundes som dei skal spegle studentane i Volda sine spesifikke behov. Målet med desse styringsdokumenta er å sikre kontinuitet for arbeidet i Studentparlamentet, og at ein får konkretisert kva oppgåver og saker ein vil jobbe med.

Arbeidsprogrammet er eit arbeidsverktøy for AU gjennom studieåret. Det er viktig at parlamentet sjølv får prege arbeidsprogrammet og prioriteringane der, slik at medlemmane i parlamentet kjenner eigarskap til arbeidet AU gjer, og at AU sitt arbeid er godt forankra blant medlemmane i parlamentet.

Sak 09 – 20/21: Arbeidsgruppe for sosial møteplass i kantineområdet

Type sak: Diskusjonssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Høgskulen har sett av 100 000 kr på budsjettet for 2020 til å investere i ein sosial møteplass i kantineområdet. Grunna Korona har ikkje arbeidet kome skikkeleg i gang, men det er ønskeleg at Studentparlamentet finn engasjerte studentar som kan tenkje seg å bidra i ei arbeidsgruppe for å medverke til kva midlane bør brukast på.

Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ei arbeidsgruppe på 2-4 studentar til å jobbe vidare med ein sosial møteplass i kantineområdet på BK.

Sak 10 – 20/21: Eventuelt

Type sak: Diskusjonssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Møteevaluering etter formell møteslutt